



Helse- og omsorgsdepartementet
Pb 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
13/465-5		Laila Irene Røneid	57 66 51 09	K2-F00, K2-G00, K3-&00	10.04.2014

Melding om vedtak - Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Det er gjort følgjande vedtak og høyringsuttale frå Årdal kommune:

13.03.2014 KOMMUNESTYRET

Marie Helene H. Brandsdal, AP, fremja fylgjande forslag til uttale:

Kommunestyret i Årdal meiner at dei føreslegne endringane i abortlova kan medføra eit dårlegare helsetilbod og setja sårbare kvinner i ein vanskeleg situasjon. Kommunestyret meiner legen sin rett til å reservere seg mot å hjelpe, ikkje skal gjelde over pasienten sin rett på hjelp. Omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon må vege tyngst. Kommunestyret i Årdal ber difor om at Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag ikkje vert vedteke. Dersom forslaget blir vedteke, vil Årdal kommune ikkje tillate fastlegekontraktar som opnar for at legen kan reservre seg mot å henvise til abort.

Marie Helene H. Brandsdal, AP, sitt framlegg vart teke opp til røysting.
Røysting.

Marie Helene H. Brandsdal, AP, sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst.

KS-008/14 VEDTAK:

Kommunestyret i Årdal meiner at dei føreslegne endringane i abortlova kan medføra eit dårlegare helsetilbod og setja sårbare kvinner i ein vanskeleg situasjon. Kommunestyret meiner legen sin rett til å reservere seg mot å hjelpe, ikkje skal gjelde over pasienten sin rett på hjelp. Omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon må vege tyngst. Kommunestyret i Årdal ber difor om at Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag ikkje vert vedteke. Dersom forslaget blir vedteke, vil Årdal kommune ikkje tillate fastlegekontraktar som opnar for at legen kan reservre seg mot å henvise til abort.

Med helsing
Årdal kommune
Laila Irene Røneid
Leiar for Støttefunksjon